



Stortinget v/ finanskomiteen

Endra vilkår for bortebruarstipend slår hardt ut i Sogn

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

I framlegg til statsbudsjettet foreslår departementet å auke avstandsgrensa for å kunne få bortebruarstipend. Etter dagens regelverk kan elevar i vidaregåande opplæring få bortebruarstipend dersom avstanden mellom foreldreheimen og skulen er 40 km eller meir, eller om reisetida er tre timar eller meir samla kvar dag.

Forslaget om å auke avstandsgrensa frå 40 km til 60 km vil råka mange av våre elevar kraftig.

43 prosent av dei som bur på hybel i vår region vil bli ramma av dei endra vilkåra.

I distriktet er reisetid og kommunikasjonstilbod avgjerande og betyr ofte meir enn tal kilometer dei bur frå skulen. Å pendle med buss tre timar pr. dag, på smale og svingete vegar, er ei stor belastning. Det er heller ikkje direkte ruter og dette betyr mange stopp på rutene. Med den foreslåtte endringa vil mange ungdommar i Sogn få lange skuledagar, noko som vil gå ut over både utdanninga og sosialt liv. Endringa vil gå mest utover dei ungdommane frå familiar med dårlegast økonomi.

Endringa med å auke avstandsgrensa vil ramme mange ungdommar i vår region hardt. Sogn regionråd er sterkt imot desse endringane og ber om at gjeldande regelverk vert vidareført.

Med helsing

Petter Sortland
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift